

# Eksamen

05.06.2019

HEA2003 Yrkesutøving / Yrkesutøvelse

**Programområde:** Helsearbeiderfag

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Desse kompetansemåla blir det lagt vekt på i vurderinga av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Drøfte kva profesjonell yrkesutøving inneber for helsefagarbeidaren</li><li>• Forklare kva brukarmedverking inneber, og vise til relevant regelverk</li><li>• Gjere greie for og utarbeide forslag til ulike tiltaksplanar som blir brukte i helse- og omsorgstenestene og i spesialisthelsetenesta</li><li>• Forklare kva yrkesetikk er, og drøfte yrkesetiske problemstillingar</li><li>• Beskrive helsefagarbeidaren si rolle i arbeidet med å ta vare på fysisk og psykisk helse</li></ul>

## Oppgåve

Petter Gustavsen er 65 år. Han er gift og bur i ein tilrettelagt einebustad med kona si. Dei har 4 barn og 8 barnebarn. Den eine sonen bur med familien sin i utlandet.

Petter fekk for nokre år sidan påvist ALS. Dei siste åra har han stadig blitt dårlegare. No er han mest sengeliggande, men klarer å sitte litt oppe kvar dag. Han slit med å tygge, svelge og snakke, og får i periodar sondeernæring.

Petter har fått innvilga eit avlastingsopphald på 4 veker på korttidsavdelinga der du jobbar som helsefagarbeidar. Kona har ferie, og besøker sonen som bur i utlandet.

Petter måtte slutte i jobben sin da han var 60 år, men han brukte etter det mykje tid på frivillig arbeid så lenge han klarte det. Han er sosial og omgjengeleg, men slit no med at han er mykje aleine. Petter føler han stadig får dårlegare livskvalitet og er til bry.

Du har fått primæransvar for Petter under dette opphaldet.

- a) Forklar kva det vil seie å vere profesjonell helsefagarbeidar i møte med Petter.
- b) Forklar kva brukarmedverking inneber for Petter, og vis til relevant regelverk.
- c) Gjer greie for hensikta med ulike tiltaksplanar, og drøft kvifor det er viktig for både deg som profesjonell helsefagarbeidar og Petter at desse blir følgde.
- d) Beskriv di rolle som helsefagarbeidar for Petter når det gjeld å ta vare på den fysiske og psykiske helsa hans.
- e) Forklar kva yrkesetikk er, og drøft yrkesetiske problemstillingar du kan møte på som primærkontakt for Petter.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Disse kompetansemålene blir vektlagt i vurderingen av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Drøfte hva profesjonell yrkesutøvelse innebærer for helsefagarbeideren</li><li>• Forklare hva brukermedvirkning innebærer, og vise til relevant regelverk</li><li>• Gjøre rede for og utarbeide forslag til ulike tiltaksplaner som brukes i helse- og omsorgstjenestene og i spesialisthelsetjenesten</li><li>• Forklare hva yrkesetikk er, og drøfte yrkesetiske problemstillinger</li><li>• Beskrive helsefagarbeiderens rolle i arbeidet med å ivareta fysisk og psykisk helse</li></ul>

## Oppgave

Petter Gustavsen er 65 år. Han er gift og bor i en tilrettelagt enebolig med kona si. De har 4 barn og 8 barnebarn. Den ene sønnen bor med familien sin i utlandet.


Petter fikk for noen år siden påvist ALS. De siste årene har han stadig blitt dårligere. Nå er han mest sengeliggende, men klarer å sitte litt oppe hver dag. Han sliter med å tygge, svelge og snakke, og får i perioder sondeernæring.

Petter har fått innvilget et avlastningsopphold på 4 uker på korttidsavdelingen der du jobber som helsefagarbeider. Kona har ferie, og besøker sønnen som bor i utlandet.

Petter måtte slutte i jobben sin da han var 60 år, men han brukte etter det mye tid på frivillig arbeid så lenge han klarte det. Han er sosial og utadvendt, men sliter nå med at han er mye alene. Petter føler han stadig får dårligere livskvalitet og er til bry.

Du har fått primæransvar for Petter under dette oppholdet.

- a) Forklar hva det vil si å være profesjonell helsefagarbeider i møte med Petter.
- b) Forklar hva brukermedvirkning innebærer for Petter, og vis til relevant regelverk.
- c) Gjør rede for hensikten med ulike tiltaksplaner, og drøft hvorfor det er viktig for både deg som profesjonell helsefagarbeider og Petter at disse følges.
- d) Beskriv din rolle som helsefagarbeider for Petter når det gjelder å ivareta hans fysiske og psykiske helse.
- e) Forklar hva yrkesetikk er, og drøft yrkesetiske problemstillinger du kan møte på som primærkontakt for Petter.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)